

# Ot.prp. nr. 94

(2005–2006)

## Om lov om endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten mv.

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 30. juni 2006,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Hovudinnhald i proposisjonen

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten og lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten.

Pensjonsordning for apoteketaten er ei fondsoppbygd tenestepensjonsordning som vert administrert av Statens Pensjonskasse. Pensjonsordninga vert leidd av eit styre der tariffpartane i apoteksektoren er representerte.

Apoteksektoren har i dei seinare åra gått gjennom store endringar. Ved lov 2. juni 2000 nr. 39 om apotek (apotekloven) vart det opna for større konkurranse blant apoteka. Den nye apotekloven, som trådde i kraft 1. mars 2001, opna for at også andre enn apotekarar kan eige og drive apotek. Som følge av endringane i apoteksektoren, er det behov for å gjøre tilpassingar i lov om pensjonsordning for apoteketaten og lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten.

Endringane departementet foreslår gjeld desse tilhøva:

- Tilpassing av lovteksten til endringar som har skjedd for apotekarar som følge av ny eigarsstruktur i apoteksektoren og til endringar som

følgje av at arbeidstakarane er organiserte under ulike tariffområde.

- Endring i reglar om premiefastsettjing. Pensjonspremien er i dag lik for alle, og vert fastsett av Kongen. Det vert foreslått at departementet kan fastsetje forskjellig premie for ulike verksemder. Dei aktuelle tariffområda har ulike lønnsnivå, og nokre verksemder har mindre bruk av for eksempel uførepensjon enn andre. Det er naturleg at dette påverkar pensjonspremien til pensjonsordninga. Premien skal ikkje vere ulik på grunn av alder eller kjønn.
- Det vert gjort klart at betalt pensjonspremie er eit vilkår for at tenestetida til ein tilsett skal kunne reknast som pensjonsgivande tenestetid.
- Felles regulering av pensjonane vert ikkje berre knytt til lønn, men også som alternativ til den prosentvise endringa av grunnbeløpet i folketrygda.
- Fastsettjing av høgaste pensjonsgrunnlag til 10 gonger grunnbeløpet i folketrygda. I dag er høgaste pensjonsgrunnlag 120 prosent av høgaste faste tariffbestemte lønn for provisorar.
- Heving av aldersgrense fra 68 år til 70 år. Apotekarar og provisorar er dei einaste i dag som har 70 års aldersgrense, mens dei andre medlemmene har 68 års aldersgrense.
- Oppheving av regel om å setje ned pensjonen i forhold til pensjon frå ei privat kollektiv pensjonsordning. Regelen vert ikkje nytta i dag.

Den private ordninga er frå tida før lova vart oppretta i 1953.

Forslaga i proposisjonen er i stor grad baserte på tilråding frå styret for ordninga.

## 1.2 Høyingsrunden

Departementet sende 24. februar 2005 ut eit forslag til endringslov til følgjande instansar:

- Arbeids- og sosialdepartementet
- Arbeidsgiverforeningen NAVO
- Farmasiforbundet
- Finansdepartementet
- Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon
- Helse- og omsorgsdepartementet
- Norges Farmaceutiske Forening

Høyingsfristen vart sett til 24. mai 2005. I tillegg har Gabler & Partners AS, Norges Apotekerforening og Pensjonerte Apotekeres Forening gitt høyingsfråsegner. Synspunkta til høyingsinstansane er nærmare omtalte i punkt 3 nedanfor.

## 1.3 Framtidig ordning

Apoteksektoren har i dei seinaste åra gått gjennom store endringar ved at det er opna for større konkurranse og ved at nye eigarstrukturar er etablerte. Alle tilsette i apotek har rett og plikt til medlemskap i pensjonsordninga. Dagens reglar inneber at verksemndene har like pensjonsreglar for dei tilsette.

Som ei følgje av endringane i apoteksektoren, ønsker departementet å vurdere om apoteka på fritt grunnlag skal kunne velje pensjonsordning, slik anna privat verksemde gjer. Det må vurderast om det i framtida er naturleg med ei eiga lovfestning for pensjonsordning for apoteksektoren, eller om verksemndene skal kunne velje å vere omfatta av andre pensjonsordningar.

Dersom det vert innført hove til å velje pensjonsordning, vil regelverket i lov om foretakspensjon eller lov om innskuddspensjon vere aktuelle alternativ. Utforminga av ny pensjonsordning vil vere avgrensa av tariffmessige og individuelle forpliktingar arbeidsgivar har overfor sine tilsette.

Ved eit eventuelt opphør av tilknyting til Pensjonsordning for apoteketaten, vil medlemmene sine opptentte rettar etter dagens reglar verte behandla etter reglane om oppsett pensjon. Dette inneber for dei fleste ein reduksjon i pensjonsytin-gane i forhold til ordinær pensjon.

Både Arbeidsgiverforeningen NAVO og Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon ønsker ei slik omlegging av pensjonsordninga, mens Farmasiforbundet og Norges Farmaceutiske Forening ønsker å behalde dagens pensjonsordning.

Departementet vil arbeide vidare med desse spørsmåla som ein del av oppfølginga av Stortings behandling av St. meld. nr. 12 (2004-2005) Pensjonsreform - trygghet for pensjonene.

## 2 Om forslaga

### 2.1 Lov om pensjonsordning for apoteketaten

Departementet tek i høyingsbrevet opp følgjande forslag til endringar i lov om pensjonsordning for apoteketaten:

- Det går fram av § 3 nr. 1 kva som skal rekna som pensjonsgivande tenestetid. Det vert foreslått å klargjere at betalt pensjonspremie er eit vilkår for at tenestetida kan rekna som pensjonsgivande tenestetid.
- § 4 andre ledd gir heimel for at tid med permisjon utan lønn og anna mellombels fråvær vert rekna som pensjonsgivande tenestetid når det er bestemt i tariffavtale mellom Norges Apotekerforening og arbeidstakarorganisasjonane. Frå 1. mars 2001 er det fleire tariffområde i apoteksektoren. Norges Apotekerforening er ikkje lenger tariffpart. Det vert derfor foreslått at styret i Pensjonsordning for apoteketaten får fullmakt til å akseptere at tariffavtalar om slik medrekning får verknad i forhold til pensjonsordninga.
- Endring av regelen om berekning av høgaste pensjonsgrunnlag i § 5 første og andre ledd. I høyingsbrevet vert det foreslått at høgaste pensjonsgrunnlag vert sett til 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda. I dag er pensjonsgrunnlaget for apotekarar 120 prosent av høgaste faste tariffbestemte lønn for provisorar. For dei andre medlemmene er pensjonsgrunnlaget den faste tariffbestemte eller avtalte årslønna avgrensa oppover til pensjonsgrunnlaget for apotekarar.
- Oppheving av ei særleg plikt for apotekarar til å stå i stilling inntil bevilling til å drive apotek er meldt til etterfølgjaren, jfr. § 6 nr. 1 andre ledd.
- Heving av aldersgrense frå 68 år til 70 år, jfr. § 6 nr. 1 tredje ledd. Apotekarar og provisorar er dei einaste i dag som har 70 års aldersgrense.

- Oppheving av særregel om tidspunkt for alderspensjon til apotekar, jfr. § 9 første ledd første punktum. Etter føresegna startar alderspensjon for apotekar frå den første dagen i månaden etter at ein ny innehavar tek over apoteket.
- Oppheving av særregel i § 20 første ledd andre punktum om tidspunkt for utbetaling av enkje- eller enkjemannspensjon til ektefelle som var gift med ein apotekar. Etter føresegna startar enkje- eller enkjemannspensjonen frå og med den månaden apoteket vert overført til ein ny innehavar. Styret er gitt høve til å dispensere frå regelen, og kan yte pensjon frå eit tidlegare tidspunkt.
- Oppheving av føresegn om avgrensing av pensjon i § 25. Det går fram av føresegna at eit medlem som tidlegare har vore medlem av privat kollektiv pensjonsordning, og gjennom denne pensjonsordninga er sikra rettar som ikkje vert samordna etter § 1 nr. 2 i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser, ikkje kan få ein høgare pensjon etter lov om pensjonsordning for apoteketaten for seg og sine etterlatne enn at den saman med dei private pensjonsrettane utgjer full pensjon etter lovens føresegner.
- Endring i reglar om premiefastsetting i § 29 nr. 2. I dag skal premien, og fordelinga av denne mellom arbeidsgivar og arbeidstakar, verte fastsett av Kongen etter at tariffpartane har hatt høve til å uttale seg. Det vert foreslått at departementet kan differensiere premien for dei ulike arbeidsgivarar.
- Innføring av ein alternativ reguleringsmåte av pensjonsgrunnlaget. Slik § 34 lyder i dag, har styret i pensjonsordninga fullmakt til å bestemme at pensjonane skal aukast tilsvarande dei tariffbestemte lønnsaukane. Det vert foreslått at styret også kan bestemme at pensjonsgrunnlaget skal regulerast tilsvarande som grunnbilepet i folketrygda.

## **2.2 Lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten**

Avtalefesta pensjon for medlemmer av Pensjonsordning for apoteketaten er både lovfesta og tariffesta. Lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten viser til tariffavtale, og det er tariffavtalen som i størst grad styrer korleis ein reknar ut ytingane. Etter § 2 i loven er det eit krav at Norges Apotekerforening er part i tariffavtalen. Men frå 1. januar 2001 er arbeidsgiva-

ransvaret som Norges Apotekerforening tidlegare hadde, overført til Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH), og frå 1. mars 2001 vil også andre arbeidsgivarpartar vere aktuelle. Endringane i kven som er tariffavtalepart medfører eit behov for endring av lovteksten.

For at dei forskjellige tariffavtalane om AFP skal kunne omfattast av lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten, foreslår departementet at det vert stilt krav om at tilknytinga til loven for tariffavtalene om AFP vert avgjord av styret i pensjonsordninga.

## **3 Høyringsinstansanes syn**

*Arbeids- og inkluderingsdepartementet* støttar forslaget om å tilpasse aldersgrensa i Pensjonsordning for apoteketaten til den alminnelege aldersgrensa på 70 år, og at det vert etablert ei overgangsordning for medlemmer som har under 10 år att til dagens aldersgrense på 68 år.

*Arbeidsgiverforeningen NAVO* meiner det ikkje lenger ligg føre nokon grunn for at apoteknæringa skal ha ei eiga lovfesta pensjonsordning. Loven bør opphevast, og gjeldande pensjonsvilkår vert vidareførte som individuelle rettar for dei som i dag er tilsette i apoteka. Som subsidiært standpunkt meiner NAVO at dispensasjonshøvet må utvidast slik at både grupper av tilsette og einskilde arbeidstakrar kan fritakast frå ordninga. Til forslaget om overføring av fullmakt til styret til å avgjere om permisjon utan lønn eller anna mellombels fråvær skal medrekna som pensjonsgivande tenestetid, meiner NAVO primært at pensjonsgivande tenestetid bør knytast til lønt arbeid. Sekundært bør styret for pensjonsordninga ta sikte på å sikre likearta rettar for alle medlemmene i ordninga. NAVO er usamd i forslaget om endring av kva høgaste pensjonsgrunnlag er. Forslaget om å heve maksimumsgrunnlaget for pensjonsberekinga til 12 G, vil svekkje økonomien i pensjonsordninga og auke kostnadene for arbeidsgivarane. Forslaget om å heve aldersgrensa frå 68 år til 70 år vert støtta. NAVO støttar også forslaget om å kunne differensiere premiane for forskjellige grupper, men meiner at styret, som ansvarleg for økonomien i ordninga, må fastsetje satsane. Forslaget om å kunne velje G-regulering som alternativ reguleringsform av pensjonsgrunnlaget vert ikkje støtta. Ved G-regulering vil det vere tilhøve utanfor sektorens økonomi som vil bestemme pensjonsreguleringa. Ei slik alterna-

tiv reguleringsform vil føre til ein årleg kamp i styret om kva storleik som skal nyttast.

*Farmasiforbundet* støttar forslaga til endring. Det er eit overordna omsyn for Farmasiforbundet at Pensjonsordning for apoteketaten vert vidareført også i framtida. Forbundet godtek på denne bakgrunnen forslaget om auke av aldersgrensa frå 68 til 70 år. Ein føresetnad for å akseptere hevinga av aldersgrensa er at det vert ein overgangsperiode på 10 år slik departementet foreslår, og at AFP-ordninga vert vidareført.

*Finansdepartementet* meiner det må vurderast om forslaget om betalt pensjonspremie som vilkår for at tenestetid skal reknast som pensjonsgivande er problematisk i forhold til direktiv 2003/41 EF (pensjonskassedirektivet). I dag er administrator av pensjonsordninga, Statens Pensjonskasse, ikkje omfatta av direktivet, jfr. unntaket i direktivet punkt 2 litra c. Føresegna vert nytta overfor institusjonar som verken krev vederlag for dei pensjonar som vert utbetalte, eller som gjer avsetningar for å dekkje desse. Til forslaget om berekning av pensjonsgrunnlag, vert det foreslått tilsvarande definisjon som i lov om foretakspensjon. Finansdepartementet meiner det ikkje er behov for å fastsetje eit normert pensjonsgrunnlag for apotekarar som er sjølvstendige næringsdrivande. Inntekta for desse apotekarane består av arbeidsinntekt og kapitalinntekt. Ved fastsettjing av normert pensjonsgrunnlag, kan delar av pensjonsgrunnlaget vere knytt til kapitalinntekt. Pensjonsgrunnlaget skal berre knytast til arbeidsinntekt, og ikkje til kapitalinntekt. Til forslaget om at dei faglege foreiningane mistar retten til å uttale seg ved endringar i pensjonsgrunnlaget, vert det påpeikt at dette ikkje er i samsvar med påleggjet i loven om foretakspensjon om å opprette styringsgruppe og den vekta som St. meld. nr. 12 (2004-2005) «Pensjonsreform - trygghet for pensjonane» legg på auka informasjon knytt til alle pensjonsordningar. Finansdepartementet støttar forslaget om oppheving av § 25. Departementet meiner det bør presiserast at det ikkje skal skje samordning med supplerande pensjon frå medlemskap i pensjonsordningar frå andre arbeidsforhold. Det vert òg foreslått presisering slik at arbeidstakarar som er medlemmer av ei anna pensjonsordning som føretaket betaler premie eller avgift til, ikkje skal vere medlemmer av pensjonsordninga. Til forslaget om endring i reglar om premiefastsettjing, meiner Finansdepartementet det er urimelig at Fornyings- og administrasjonsdepartementet skal fastsetje premien då det er Statens Pensjonskasse som har ansvaret for dei aktuariske berekningane og val av føresetnadar mv. Det vert foreslått at premien vert fastsett etter retnings-

linjer frå departementet. Fordelinga av premien mellom arbeidsgivar og arbeidstakar meiner Finansdepartementet bør følgje reglane i lov om foretakspensjon. Også reglane om regulering av pensjonsgrunnlag bør vere tilsvarande som etter lov om foretakspensjon.

*Gabler & Partners AS* meiner loven bør endre namn til lov om pensjonsordning for apotekverksemド mv. Paragraf 32 om bøtestraff ved manglende melding om ekteskapsinngåing eller skilsmisse, bør etter selskapet si oppfatning endrast. Gabler & Partners AS meiner lov om pensjonsordning for apoteketaten må gjennomgåast med sikte på å innpasse pensjonsordninga til direktiv 2003/41 EF (pensjonskassedirektivet), til lov om forsikringsvirksomhet og til konkurranseregelverket generelt.

*Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH)* meiner prinsipielt at lov om pensjonsordning for apoteketaten må opphevast. Kvar ein-skild arbeidsgivar bør kunne avgjere om apoteket skal ha ei pensjonsordning, og kva ordning i så fall dette skal vere. Organisasjonen meiner det er påkravd med eit unntak frå loven for tilsette i sjukehusapotek. HSH er ueinig i forslaget til endring av føresegna om at permisjon utan lønn eller anna mellombels fråvær skal kunne reknast som pensjonsgivande tenestetid. Det vert foreslått at føresegna vert oppheva. Pensjonsgivande tenestetid bør etter organisasjonen si oppfatning knytast til lønt arbeid. HSH støttar ikkje forslaget om heving av pensjonsgrunnlaget til 12 G då det vil svekkje økonomien i pensjonsordninga. Maksimumsgrensene bør framleis knytast til lønnsutviklinga, men slik at det vert teke omsyn til den samla pensjonsgivande lønnsdanninga. Forslaget om å auke aldersgrensa frå 68 til 70 år vert støtta, men organisasjonen meiner endringa kan skje utan overgangsordningar. Fullmakta til å bestemme ein differensiert premie bør ligge til styret i pensjonsordninga på grunn av det overordna ansvaret styret har for pensjonsordninga. Forslaget om å la G-regulering vere alternativ reguleringsform av pensjonsgrunnlaget vert støtta. Det kan vere føremål-stenleg med ei regulering tilsvarande endringa i grunnbeløpet i folketrygda då det er forskjellar i dei tariffmessige lønningane. Til forslaget om endring av lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten meiner HSH det er uheldig at forhandlingane mellom partane i arbeidslivet skal kunne overprøvast av styret. Under føresetnad av at tariffpartane sit i styret vert forslaget akseptert.

*Helse- og omsorgsdepartementet* har merknad til den del av forslaget som gjeld styrets godkjenning

av tariffavtalar og at desse vert gitt verknad i pensjonsmessig samanheng. Departementet meiner ordlyden i desse føresegna ikke må misforståast slik at det er opp til styret å godkjenne tariffavtalen. Til føresegna om når alderspensjon kjem til utbetaling, jfr. forslaget § 9 første ledd andre punktum, peiker ein på at forslaget må tilpassast slik at apotekarar som er sjølvstendig næringsdrivande vert tydeleg omfatta.

*Norges Apotekerforening* viser til høringsfråsegnene frå Handels- og Servicenaeringens Hovedorganisasjon og Arbeidsgivarforeininga NAVO.

*Norges Farmaceutiske Forening* (NFF) meiner det er eit overordna mål at Pensjonsordning for apoteketaten vert vidareført som ei felles pensjonsordning for alle tilsette i apotek. På denne bakgrunnen aksepterer ein forslaget om endring av aldersgrensa frå 68 år til 70 år. Ein føresetnad er at det vert ei overgangsordning på 10 år som foreslått av departementet og at ordninga med avtalefesta pensjon (AFP) vert vidareført. NFF er einig i forslaget om endring av maksimalt pensjonsgrunnlag til 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda, slik at alle medlemmene i ordninga vert sikra eit konkurransegyptig tilbod.

*Pensionerte Apotekeres Forening* er einig i at definisjonen av kva som er høgaste pensjonsgrunnlag må endrast. Av omsyn til pensjonsordningas økonomi vert det foreslått at maksimalt pensjonsgrunnlag vert sett til 10 G, og ikkje 12 G som foreslått. Pensionerte Apotekeres Forening støttar forslaget om alternativ reguleringsmåte av pensjonsgrunnlaget.

## 4 Departementets vurderingar og forslag

### 4.1 Lov om pensjonsordning for apoteketaten

Finansdepartementet og Gabler & Partners AS tek opp at forholdet til direktiv 2003/41 EF (pensjonskassedirektivet) for Pensjonsordning for apoteketaten bør avklarast. I dag er verken Pensjonsordning for apoteketaten eller deira administrator Statens Pensjonskasse omfatta av direktivet. Forsyings- og administrasjonsdepartementet vil arbeide vidare med avklaring av forholdet til pensjonskassedirektivet for Pensjonsordning for apoteketaten. Forslaga i proposisjonen her kan gjenomførast uavhengig av denne avklaringa.

#### 4.1.1 Betalt pensjonspremie som vilkår for at tenestetid skal reknast som pensjonsgivande ved berekning av pensjon

Departementet meiner det bør gjerast tydeleg at betalt pensjonspremie er eit vilkår for at tenestetida skal reknast som pensjonsgivande tenestetid. Pensjonsordning for apoteksektoren er ei fondsoppbygd pensjonsordning, og det går fram av loven § 28 at utgiftene til pensjonar og administrasjon av pensjonsordninga skal dekkjast ved pensjonspremiar. Departementets forslag i § 3 nr. 1 er ei presisering av gjeldande rett. Ei føresegnd premiebetaling som føresetnad for pensjonsgivande tenestetid, finst i lov om pensjonsordning for sykepleiere. Forslaget samsvarer med føresegna i sjukepleiarordninga. Ingen av høringsinstansane er ueinig i forslaget.

#### 4.1.2 Overføring av fullmakt til å avgjere om permisjon utan lønn eller anna mellombels fråvær skal reknast med som pensjonsgivande tenestetid

Lov om pensjonsordning for apoteketaten § 4 andre ledd gir heimel for at tid med permisjon utan lønn og anna mellombels fråvær vert rekna som pensjonsgivande tenestetid når dette er bestemt i tariffavtale mellom Norges Apotekerforening og arbeidstakarorganisasjonane.

Departementet foreslår at føresegna vert endra slik at tid med permisjon utan lønn og anna mellombels fråvær vert medrekna som pensjonsgivande tenestetid dersom dette er bestemt i tariffavtale og styret i pensjonsordninga har akseptert avtalen om slik medrekning. Endringa er nødvendig av di Norges Apotekerforening ikkje lenger er tariffpart og då det er fleire tariffområde i apoteksektoren. Departementet foreslår ei nødvendig tilpassing til endringane som skjedde i 2001 då apoteksektoren fikk fleire tariffområde, og foreslår ikkje oppheving av ordninga slik einskilde av høringsinstansane ønskjer.

Nokre av høringsinstansane tek opp som eit uheldig forhold at styret etter føresegna skal godkjenne tariffavtaler som partane i arbeidslivet har inngått. Departementets forslag er utforma slik at godkjenninga frå styret gjeld tilknytinga av tariffavtalen til loven. Tariffpartane sit i styret, og godkjenninga gjeld forhold som knyter seg til pensjonsrettar etter loven.

#### 4.1.3 Pensjonsgrunnlag

Pensjonsgrunnlaget for apotekarar er i dag 120 prosent av høgaste faste tariffbestemte lønn for provisorar. For andre medlemmer er pensjonsgrunnlaget den faste tariffbestemte eller avtalte lønna, avgrensa oppover til pensjonsgrunnlaget for apotekarar. Eit pensjonsgrunnlag på 120 prosent av provisors lønn tilsvarer 8,37 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G) pr 1. mai 2006. Pr 1. mai 2005 tilsvarte grunnlaget 8,14 G og pr 1. mai 2002 8,99 G.

Departementet foreslår § 5 endra slik at pensjonsgrunnlaget vert knytt til den faste arbeidsinntekta for arbeidsforholdet som gir rett til medlemskap i pensjonsordninga. Forslaget er ei harmonisering til lov om Statens Pensjonskasse. Føreseg-nene i dei to lovene er i stor grad like, og departementet finner det derfor ikkje riktig å følgje reglane i lov om foretakspensjon. Vidare vert det foreslått at styret får fullmakt til å bestemme at også anna arbeidsinntekt i tilknyting til arbeidsforholdet skal reknast med i pensjonsgrunnlaget. Variable tillegg kan då også verte pensjonsgivande. Fastsetjinga av pensjonsgrunnlag kan etter 2001 ikkje lenger knytast til einskaplege lønnsregulativ, og forslaget er ei tilpassing til dette. Frå 2001 er det fleire tariffområde i apoteksektoren.

Departementet foreslår at det maksimale pensjonsgrunnlaget vert endra frå 120 prosent av høgaste faste tariffbestemte lønn for provisorar til 10 G. Departementet foreslår ikkje 12 G som maksimalt pensjonsgrunnlag slik det opphavleg blei foreslått i høyingsbrevet. Det er då lagt vesentleg vekt på omsynet til økonomien i pensjonsordninga. Arbeidsgiverforeningen NAVO og Handels- og Servicenæringerens Hovedorganisasjon er ueinige i forslaget om å endre fastsetjinga av maksimalt pensjonsgrunnlag. Organisasjonane er motstandarar av forslaget av omsyn til pensjonsordningas økonomi. Styret i Pensjonsordning for apoteketaten har i møte med departementet framheva at dei ønskjer å få forslaget utsett. Styret meiner høgaste pensjonsgrunnlag bør behaldast på 120% av provisors lønn inntil det kan aukast til 12 G når økonomien i ordninga tillet dette. Farmasiforbundet og Norges Farmaceutiske Forening derimot meiner tida no er inne for å heve maksimalt pensjonsgrunnlag til 12 G. Økonomien i pensjonsordninga har betra seg vesentleg dei seinaste åra og foreiningane meiner forslaget sikrar pensjonsordninga som eit viktig personalpolitisk virkemiddel. Forslaget frå departementet om å setje maksimalt pensjonsgrunnlag til 10 gonger grunnbeløpet i folketrygda, er basert på innspel frå Pensionerte Apote-

keres Forening, og tek sikte på å balansere dei ulike synspunkta. Forslaget inneber at arbeidstakarar som etter lovendringa er i stilling med rett til medlemskap er omfatta. Pensjonistar er ikkje omfatta. Heller ikkje dei som før lovendringa har gått ut av pensjonsordninga, slik at dei ikkje lenger er vanlege medlemmer, er omfatta. For medlemmer som får eit høgare pensjonsgrunnlag etter lovendringa, vil det høgare grunnlaget gjelde for heile medlemsperioden. For medlemmer som etter lovendringa eventuelt får eit lågare pensjonsgrunnlag, vil det lågare grunnlaget berre gjelde for medlemstid etter lovendringa, jfr. lov om pensjonsordning for apoteketaten § 8 nr. 2 andre ledd. Forholdet til Grunnloven § 97 er etter departements oppfatning uproblematisk. Departementet vil konsultere styret i pensjonsordninga med omsyn til verknadstidspunktet for endringa, slik at omsynet til dei verknader endringa har på økonomien i pensjonsordninga vert vareteke.

For apotekarar som både har apotekkonsesjon og driftskonsesjon, jfr. lov om apotek kapittel 2 og 3, må det etter departementets oppfatning fastsetjast eit normert pensjonsgrunnlag, det vil seie eit grunnlag som ikkje har direkte samanheng med arbeidsinntekta i stillinga som gir rett til medlemskap. Desse apotekarane er ikkje lønnsmottakarar, men sjølvstendig næringsdrivande. Det vert foreslått at pensjonsgrunnlaget vert fastsett av styret i pensjonsordninga. Fastsetjinga av eit normert pensjonsgrunnlag for denne gruppa apotekarar er ei vidareføring av dagens regelverk. Behovet for eit særskilt fastsett pensjonsgrunnlag har samanheng med at pensjonen vert berekna etter den arbeidsinntekta medlemmen hadde på tidspunktet for pensionering. Eit særskilt fastsett pensjonsgrunnlag vil sikre at tilstrekkeleg pensjonspremie vert innbetalt til pensjonsordninga. Dersom det ikkje vert fastsett eit særskilt pensjonsgrunnlag, vil alternativet sannsynlegvis vere at apotekarar som er sjølvstendig næringsdrivande ikkje kan vere medlemmer i pensjonsordninga. Det normerte pensjonsgrunnlaget kan ikkje overstige det maksimale pensjonsgrunnlaget på 10 G.

Dei faglege foreiningane har i dag rett til å uttale seg når pensjonsgrunnlaget vert endra. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for å oppretthalde ein slik rett då pensjonsgrunnlaget vert knytt direkte til arbeidsinntekta for alle medlemmene. I den grad nokon skulle ha behov for å uttale seg, er dei faglege foreiningane representerte i styret i pensjonsordninga, og kan uttale seg der.

#### 4.1.4 *Oppheving av særleg plikt for apotekarar til å stå i stilling*

Etter lov om pensjonsordning for apoteketaten § 6 nr. 1 andre ledd har apotekarane ei særskilt plikt til å halde fram i stillinga inntil bevilling til å drive apotek er meldt til etterfølgjaren. Departementet foreslår at føresegna vert oppheva. Dette er ikkje eit forhold som bør regulerast i pensjonslovgivinga, av di reglar om driftskonsesjon i dag går fram av apotekloven kapittel 3. Ingen av høyingsinstansane er ueinig i forslaget.

#### 4.1.5 *Endring av aldersgrensa frå 68 år til 70 år*

Departementet foreslår at aldersgrensa på 68 år, som gjeld for alle andre medlemmer i pensjonsordninga enn apotekarar og provisorar, vert heva til 70 år. I dag har apotekarar og provisorar 70 års aldersgrense. Aldersgrensene går fram av loven § 6 nr. 1 tredje ledd. Ei aldersgrense medfører rett og plikt til å slutte i tenesta, jfr. loven § 6 nr. 1 første ledd. Ved avgang skal pensjonen utbetalast.

I staten er den alminnelige aldersgrense 70 år. Særaldersgrensa på 68 år er ikkje lenger i bruk. Forslaget er ei harmonisering til kva som er den normale aldersgrense for medlemmer i Statens Pensjonskasse. Forslaget inneber at medlemmene ikkje lenger kan nytte den såkalla 85-årsregelen til å ta ut ordinær alderspensjon frå 65 år. 85-årsregelen gjer det mogleg for medlemmen å ta ut alderspensjon inntil 3 år før aldersgrensa dersom summen av alder og pensjonsgivande tenestetid er 85 år. Medlemmene er i dag omfatta av AFP-reglar som gjer det mogleg å kunne ta imot AFP frå 65 år berekna som ein ordinær tenestepensjon. Slik sett får ikkje forslaget om heving av aldersgrensa frå 68 år til 70 år mykje å seie. Bortsett frå forskjellige reglar for avkorting av pensjon ved arbeid, er pensjonsberekinga for ordinær alderspensjon og AFP frå 65 år lik. Men det er grunn til å poengtere at AFP-reglane kan verte endra ved seinare revisjon av tariffavtaler. Ei slik endring kan resultere i at medlemmen ikkje lenger kan ta imot tenestepensjonsberekinga AFP frå 65 år. Dette vil det vere opp til tariffpartane å avgjere.

Det vil framleis gå fram av føresegna at arbeids-takarane har rett og plikt til å slutte i tenesta ved nådd aldersgrense. Departementet vil som ein del av oppfølginga av St. meld. nr. 12 (2004-2005) vurdere om denne plikta til å gå av ved aldersgrensa bør oppretthaldast.

Ingen av høyingsinstansane er ueinig i forslaget om å heve aldersgrensa til 70 år. Etter departementets oppfatning bør den vanlege overgangsord-

ninga ved endring av aldersgrenser overfor medlemmer i Statens Pensjonskasse også gjelde her, slik at dei som har mindre enn 10 år igjen til aldersgrensa skal kunne velje om dei vil ha den nye aldersgrensa. For Farmasiforbundet og Norges Farmaceutiske Forening er den føreslattede overgangsordninga ein føresetnad for å ikkje gå mot forslaget. Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon meiner endringa kan gjennomførast utan overgangsordning.

#### 4.1.6 *Oppheving av særregel om tidspunkt for alderspensjon til apotekar*

Etter lov om pensjonsordning for apoteketaten § 9 første ledd første punktum gjeld alderspensjon for apotekar frå den første dagen i månaden etter at apoteket vert teke over av ny innehavar. Departementet foreslår at føresegna vert oppheva. Føresegna har tilknyting til føresegna i § 6 nr. 1 andre ledd om plikta til å stå i stilling inntil bevilling til å drive apotek er meldt til etterfølgjaren. Det vert foreslått at denne plikta til å stå i stilling vert oppheva, jfr. 4.1.4 ovanfor. Det avgjerande for om alderspensjon skal komme til utbetaling bør etter departementets oppfatning vere at apotekarane har avslutta arbeidsforholdet, ikkje at apoteket må vere overteke av ein ny innehavar. Ingen av høyingsinstansane er ueinig i forslaget.

#### 4.1.7 *Oppheving av særregel om tidspunkt for enkje- og enkjemannspensjon etter apotekar*

Føresegna i lov om pensjonsordning for apoteketaten § 20 første ledd andre punktum seier at for enkje eller enkjemann etter apotekar, gjeld enkje- eller enkjemannspensjonen frå og med den månaden der apoteket vert overdratt til ein ny innehavar. Styret er gitt høve til å dispensere frå denne regelen, og kan gi løyve til pensjon frå eit tidlegare tidspunkt. Departementet foreslår å oppheve også denne føresegna. Dette medfører at alle enkje- og enkjemannspensjonar tek til å gjelde frå og med månaden då medlemmen dør. Etter departementets syn bør enkje- og enkjemannspensjon komme til utbetaling uavhengig av kva stilling avdøde hadde. Ingen av høyingsinstansane er ueinig i forslaget.

#### 4.1.8 *Oppheving av føresegna om avgrensing av pensjon*

I einskilde tilfelle har medlemmer av Pensjonsordning for apoteketaten ei tidlegare opptent privat kollektiv pensjonsforsikring. Omfanget av slike til-

leggsordningar er ikkje kjent, men er truleg lite. Tilleggsordingene er knytte til perioden før Pensjonsordning for apoteketaten vart oppretta i 1953. Etter § 25 kan pensjon frå pensjonsordninga reduserast når medlemmen har slik privat ordning. Etter føresegna kan ikkje medlemmer som har opptent rettar i privat kollektiv pensjonsordning få høgare pensjon frå Pensjonsordning for apoteketaten for seg og sine etterlatne, enn at den saman med den private pensjonsretten utgjer full pensjon etter lovens føresegner. Departementet foreslår at føresegna vert oppheva då ho i dag ikkje har noko å seie i praksis. Den private ordninga knyter seg til perioden før Pensjonsordning for apoteketaten blei oppretta, og påverkar i dag ikkje pensjonen frå Pensjonsordninga. Ingen av høyringsinstansane er ueinig i forslaget. I den grad det skal skje samordning av pensjonsytingane, vil heimelen for dette gå fram av lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser.

#### *4.1.9 Endring i regel om premiefastsettjing*

Føresegndene om premiefastsetting og fordeling av premien mellom arbeidsgivar og arbeidstakar finst i lov om pensjonsordning for apoteketaten § 29 nr. 2. Pensjonspremien er i dag lik for alle, og vert fastsett av Kongen. Den vert berekna som ein prosentdel av pensjonsgrunnlaget. Arbeidstakarane betaler same prosentdel i pensjonsinnskot og arbeidsgivarane betaler same prosentdel i arbeidsgivardel. Utgiftene til pensjonar og administrasjonen av pensjonsordninga skal dekkjast av pensjonspremien.

Departementet foreslår at premien kan differensierast for dei ulike verksemndene. Ulik pensjonspremie er etter departementets syn naturleg ut frå endringane i apoteksektoren som skjedde frå 1. mars 2001. Dei aktuelle tariffområda har no forskjellige lønns- og arbeidsvilkår som kan gi ulike utslag på pensjonspremien i pensjonsordninga. Det bør også kunne få verknad for pensjonspremien at ein del verksemder har eit vellykka arbeid med å redusere uttaket av for eksempel uførepension. Forslaget vil stimulere verksemndene til å arbeide for utsett pensjonering slik at dei kan få lågare pensjonspremie. I dag er det ikkje slik stimulering sidan det er ein felles premiesats for alle. Ei differensiering av premien er også ein nødvendig føresetnad for at verksemder skal kunne velje å ha AFP-ordning utanfor Pensjonsordning for apoteketaten. I dag er AFP-premie ein integrert del av pensjonspremien. Premien skal ikkje vere ulik på grunn av alder eller kjønn.

Ingen av høyringsinstansane er ueinig i forslaget om å opne for differensiering av premie-

satsane, men Arbeidsgiverforeningen NAVO og Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon meiner styret i pensjonsordninga, som ansvarleg for økonomien i ordninga, må fastsetje satsane.

Etter departementets oppfatning bør fullmakta til å fastsetje premien berre overførast frå Kongen til departementet. Fullmakta til å fastsetje premien bør ikkje overførast til styret så lenge departementet har det konstitusjonelle ansvaret for Statens Pensjonskasse som er det administrative organet for ordninga. Departementet finn heller ikkje at Statens Pensjonskasse skal vere ansvarleg for å fastsetje premien då dette gir uklare ansvarsforhold. Det vert foreslått at styret i pensjonsordninga gir si innstilling til departementet om kva premien bør vere. Innstillinga må basere seg på aktuarielle berekningar gjorde av Statens Pensjonskasse. Det vert vidare foreslått at arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane opprettheld det særskilte høvet til å uttale seg om fordelinga av premien mellom arbeidstakar og arbeidsgivar, uavhengig av behandlinga i styret. Dagens ordning med at arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane kan uttale seg om storleiken på premien synest det ikkje nødvendig å oppretthalde. Premien skal fastsetjast ut frå kva dei faktiske kostnadene er. Organisasjonane er representerte i styret og kan eventuelt å uttale seg om storleiken på premien der.

#### *4.1.10 Alternativ regulering av pensjoner*

Lov om pensjonsordning for apoteketaten § 34 tredje ledd gir styret i Pensjonsordning for apoteketaten høve til å bestemme at pensjonane skal aukast tilsvarende tariffbestemte lønnsaukar. Departementet foreslår at det vert gitt høve til ein alternativ reguleringsmåte i tillegg. Styret i Pensjonsordning for apoteketaten bør også kunne velje at pensjonane vert regulerte tilsvarende som auken av grunnbeløpet i folketrygda (G). G-regulering vert nytta ved justering av pensjoner frå folketrygda, og er den reguleringsforma som gjeld elles for avtalepartane i Overføringsavtalen (avtalar som Statens Pensjonskasse har inngått med andre pensjonsinnretningar om overføring av pensjonsrettar i offentlege tenestepensjonsordningar). Pensjonsordning for apoteketaten er i dag ikkje omfatta av Overføringsavtalen, men har i stor grad det same pensjonsproduktet som offentlege tenestepensjonsordningar.

Arbeidsgiverforeningen NAVO er ueinig i forslaget då dette etter deira oppfatning vil medføre ein årleg kamp i styret om kva storleik som skal nyttast. Vidare meiner foreininga at ei G-regulering inneber at forhold utanfor sektorens økonomi

avgjer pensjonsreguleringa. Departementet ønsker, trass i at Arbeidsgiverforeningen NAVO er usamd, å fremje forslaget. Etter departementets oppfatning inneber forslaget ein fordel for pensjonsordninga ved at det vert lettare å få til fleksible løysingar. Departementet ønsker heller ikkje å innføre Finansdepartementets forslag om å leggje til grunn foretakspensjonsloven § 5-10. Denne føresegna knyter reguleringa til midlar som er tilførte pensjonistanes overskotsfond. Regelverket etter lov om pensjonsordning for apoteketaten er meir lik lov om Statens Pensjonskasse enn lov om foretakspensjon. Etter departementets syn bør det derfor opnast opp for tilsvarende regulering som gjeld i Statens Pensjonskasse.

Departementet foreslår også at høvet til å redusere pensjonane etter § 34 tredje ledd vert avgrensa til å gjelde tilfelle der omsynet til økonomien i pensjonsordninga gjer det nødvendig. I dag kan styret også setje ned pensjonane dersom lønningane vert sett ned. Forslaget er ein konsekvens av at det er fleire tariffområde i apoteksektoren. Departementet finn det tilstrekkeleg at pensjonane kan setjast ned når dette er nødvendig av omsyn til pensjonsordningas økonomi.

#### **4.2 Lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten**

Ein viser til punkt 2.2 ovanfor der ordninga med avtalefesta pensjon for medlemmer av Pensjonsordning for apoteketaten etter lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten vert omtalt. Då det frå 1. januar 2001 er fleire tariffområde i apoteksektoren, er det nødvendig å endre lovteksten. For at dei forskjellige tariffavtala om AFP skal kunne omfattast av loven, foreslår departementet at det vert stilt krav om at tilknytinga til loven for tariffavtalen vert avgjord av styret. I styret sit tariffpartane representerte.

#### **5 Når endringane trer i kraft. Overgangsføresegner. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet foreslår at endringane i lov om pensjonsordning for apoteketaten trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Endringa av aldersgrensa frå 68 år til 70 år, jfr. § 6 nr. 1 tredje punktum, vert fore-

slått å ikkje få verknad for dei som når loven trer i kraft har mindre enn 10 år igjen til aldersgrensa og som ikkje vel å vere omfatta av den nye aldersgrensa.

Endringa i § 5 om maksimalt pensjonsgrunnlag inneber at arbeidstakrar som etter lovendringa er i stilling med rett til medlemskap er omfatta. Pensjonistar er ikkje omfatta. Heller ikkje dei som før lovendringa har gått ut av pensjonsordninga, slik at dei ikkje lenger er vanlege medlemmer, er omfatta. Denne løysinga er ein konsekvens av at pensjonsgrunnlaget ved pensjoneringstidspunktet vert nytta for heile pensjonsoppteninga. Forsлага vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for staten. For Pensjonsordning for apoteketaten vil kostnaden ved utvidinga av pensjonsgrunnlag i § 5 vere todelt. For det første vil det vere ein eingongskostnad ved å oppgradere opptente rettar. For det andre vil det vere ein auka kostnad for løpende opptening. Eingongskostnaden ved å heve maksimalt pensjonsgrunnlag til 10 gonger grunnbeløpet i folketrygda vil vere på ca. 60 millionar kroner. Den årlege kostnaden vil vere ca. 5 millionar kroner. Ved ei eventuell lønnsgliding vil den løpende meirkostnaden kunne stige. Pensjonsordninga dekkjer dei administrative kostnadene ved endringa. Pensjonsordningas bufferkapital er 230 millionar kroner pr 31. desember 2005.

Departementet foreslår at endringa i lov om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten §§ 2 og 3 trer i kraft frå den tid Kongen fastset.

#### **6 Merknader til dei einskilde føresegnene i lovforsлага**

##### **6.1 Endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten**

*Til § 3 nr. 1 første ledd:*

Det vert foreslått å klargjere at betalt pensjonspremie er eit vilkår for at tenestetid som gir rett til medlemskap i pensjonsordninga skal kunne reknast som pensjongivande tenestetid. Tilsvarende vilkår gjeld i pensjonsordninga for sjukepleiarar. Forslaget er ei presisering av gjeldande rett, og må sjåast i samanheng med § 28 som klårgjer at utgifter til pensjonar og administrasjonen av pensjonsordninga vert dekte ved pensjonspremier.

*Til § 4 andre ledd:*

Føresegna fastslår at tid med permisjon utan lønn og anna mellombels fråvær reknast som pensjons-

givande tenestetid når dette er bestemt i tariffavtale mellom Norges Apotekerforening og arbeidsstakarorganisasjonane. Departementet foreslår at føresegna vert endra slik at medrekning av tid med permisjon utan lønn og anna mellombels fråvær vert rekna med som pensjonsgivande tenestetid dersom dette er bestemt i tariffavtale og styret i Pensjonsordning for apoteketaten har akseptert at tariffavtalen kjem til bruk i pensjonsordninga.

*Til § 5 første og andre ledd:*

Departementet foreslår at føresegna om pensjonsgrunnlaget i § 5 første ledd vert knytt til den faste arbeidsinntekta for arbeidsforhold som gir rett til medlemskap i pensjonsordninga. Vidare foreslår departementet at styret får fullmakt til å bestemme at også anna arbeidsinntekt i tilknyting til arbeidsforholdet skal reknast med i pensjonsgrunnlaget. For apotekarar som både har driftskonsesjon og apotekkonsesjon vert det foreslått at styret i pensjonsordninga fastset eit normert pensjonsgrunnlag.

Pensjonsgrunnlaget vert avgrensa i § 5 andre ledd til 10 gonger grunnbeløpet i folketrygda. Endringa får ikkje verknad for dei som er pensjonerte eller som før lovendringa ikkje lenger er vanleg medlem av pensjonsordninga. Forslaget til nytt andre ledd erstattar dagens andre ledd som gir dei faglege foreiningane rett til å uttale seg når pensjonsgrunnlaget vert endra. Departementet kan ikkje sjå at det er behov for å oppretthalde ein slik rett ettersom pensjonsgrunnlaget vert knytt direkte til arbeidsinntekta for alle medlemmene. I den grad det skulle vere behov for fråseigner, er dei faglege foreiningane representerte i styret i pensjonsordninga, og kan uttale seg der.

*Til § 6:*

Dagens føresegns om at apotekar har ei særskilt plikt til å halde fram i stillinga inntil bevilning til å drive apotek er meldt til etterfølgjaren, vert føresegna oppheva. Føresegna i § 6 nr.1 tredje ledd vert ny § 6 andre ledd. Dagens aldersgrense på 68 år vert heva til 70 år. Endringa får ikkje verknad for dei som når loven trer i kraft har mindre enn 10 år igjen til aldersgrensa og som ikkje vel å vere omfatta av den nye aldersgrensa.

*Til § 9 første ledd første punktum:*

Dagens regel om at alderspensjon for apotekar løper frå den første dagen i månaden etter at apoteket vert teke over av ny innehavar, vert føresegna oppheva. Forslaget til ny § 9 første ledd bestemmer at alderspensjonen løper frå den første dagen i

månaden etter at arbeidsforholdet tek slutt. Føresegna omfattar alle medlemmer i pensjonsordninga, også apotekarar med både konsesjon til drift av apotek (driftskonsesjon) og konsesjon til eigarskap (apotekkonsesjon).

*Til § 20 første ledd andre punktum:*

Det vert føreslått at ein opphever føresegna om at enkje- eller enkjemannspensjonen til enkje eller enkjemann etter ein apotekar tek til å gjelde frå og med den månaden apoteket vert overdratt til ein ny innehavar. Alle enkje- og enkjemannspensjonar tek då til å gjelde frå og med månaden då medlemmen dør.

*Til § 25:*

Heimelen til å redusere pensjon frå Pensjonsordning for apoteketaten for pensjon frå privat kollektiv pensjonsforsikring vert føreslått oppheva. Føresegna har i dag ikkje noko å seie i praksis. Den private ordninga knyter seg til perioden før Pensjonsordning for apoteketaten ble oppretta, og påverkar i dag ikkje pensjonen frå Pensjonsordninga.

*Til § 29 nr. 2:*

Departementet foreslår at fullmakta til å fastsetje pensjonspremie vert overført frå Kongen til departementet. Forslaget til endring av § 29 nr. 2 gir høve til å differensiere premien overfor dei forskjellige verksemndene.

*Til § 34 tredje ledd:*

Departementet foreslår at pensjonane også skal kunne regulerast tilsvarende den prosentvisse auken av grunnbeløpet i folketrygda (G). Høvet til å redusere pensjonane vert avgrensa til å gjelde dersom omsynet til økonomien i pensjonsordninga gjer det nødvendig. I dag kan styret også setje ned pensjonane dersom lønningane vert sette ned.

## 6.2 Endringar i lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten

*Til § 2:*

Dagens krav om at Norges Apotekerforening er part i tariffavtale om avtalefesta pensjon (AFP) vert føresegna endra slik at tilknytinga til loven for tariffavtalane om AFP vert avgjord av styret.

Til § 3:

Etter føresegna skal pensjonen i dag bereknast etter tariffavtale som er godkjend av departementet. For at dei forskjellige tariffavtalane om AFP skal kunne omfattast av loven, foreslår departementet, i samsvar med endringa i § 2, at det vert stilt krav om at tilknytinga til loven for tariffavtalane vert avgjord av styret.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten mv.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten mv.**

#### I

I lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten vert det gjort følgjande endringar:

§ 3 nr. 1 første ledd skal lyde:

Som pensjonsgivende tjenestetid reknes tjeneste som nevnt i § 1, jfr. § 2, etter at pensjonsordningen er satt i verk, *og som det er betalt pensjonspremie for*, og den tid tjenesten er avbrutt på grunn av pliktig militærtjeneste eller liknende annen vernetjeneste.

§ 4 andre ledd skal lyde:

Som pensjonsgivende tjenestetid regnes likevel den tiden et medlem har permisjon uten lønn eller på annen måte midlertidig har fratrådt sin stilling, og hvor det i tariffavtale *som styret har akseptert*, er bestemt at tiden skal regnes som pensjonsgivende.

§ 5 første og andre ledd skal lyde:

*Medlemmets pensjonsgrunnlag er den faste arbeidsinntekt for det arbeidsforhold som gir rett til medlemskap i pensjonsordningen. Styret kan bestemme at også annen arbeidsinntekt i tilknytning til arbeidsforholdet skal regnes med i pensjonsgrunnlaget. Styret fastsetter pensjonsgrunnlaget for apotekere som både har konsesjon til drift av apotek (driftskonsesjon) og konsesjon til eierskap (apotekkonsesjon).*

*Den pensjonsgivende inntekt begrenses til 10 ganger folketrygdens grunnbeløp.*

§ 6 skal lyde:

Enhver som går inn *under* § 1 har rett og plikt til å fratre tjenesten ved nådd aldersgrense.

Aldersgrensen er 70 år.

§ 9 første ledd skal lyde:

*Alderspensjonen løper fra den første dag i måneden etter at arbeidsforholdet opphører.*

§ 20 første ledd andre punktum vert oppheva.

§ 25 vert oppheva.

§ 29 nr. 2 skal lyde:

Den årlige premie fastsettes *av departementet i prosent av pensjonsgrunnlaget*, jfr. § 5. *Departementet kan dele inn medlemmene eller virksomhetene i ulike premiegrupper. Før premien fastsettes, skal styret gi sin innstilling.*

*Fordelingen av premien mellom arbeidsgiver og arbeidstaker fastsettes av departementet etter at deres faglige foreninger har hatt *anledning* til å uttale seg. Før fordelingen av premien fastsettes, skal styret gi sin innstilling.*

§ 34 tredje ledd skal lyde:

Hvis arbeidstakernes tariffmessige lønninger *eller folketrygdens grunnbeløp endres*, kan pensjonsordningens styre - i den utstrekning pensjonsordningens økonomi tillater det - treffe bestemmelse om at pensjonene skal reguleres tilsvarende. *Hvis hensynet til pensjonsordningens økonomi gjør det nødvendig, kan pensjonene igjen settes ned til de beløp de utgjorde før de siste gang ble forhøyet etter bestemmelsene i foregående punktum.*

#### II

I lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 første punktum skal lyde:

Arbeidstaker som frarer sin stilling etter fylte 62 år, har rett til pensjon etter denne lov når det er bestemt i tariffavtale *som styret i Pensjonsordning for apoteketaten har akseptert.*

§ 3 første punktum skal lyde:

Pensjonen beregnes etter tariffavtale *som styret i Pensjonsordning for apoteketaten har akseptert*, og i samsvar med bestemmelsene i lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskudd til ordninger for avtalefestet pensjon § 2.

## III

Når endringane trer i kraft og overgangsreglar

1. Endringane i lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apoteketaten gjeld frå den tid Kongen fastset. Endringa i § 5 gjeld arbeidstakrar som etter lovendringa er i stilling med rett til medlemskap. Pensjonistar er ikkje omfatta. Heller ikkje dei som før lovendringa har gått ut av pensjonsordninga, slik at dei ikkje

lenger er vanlege medlemmer, er omfatta.

Føresegna om endring i aldersgrensa i § 6 nytt andre ledd gjeld ikkje for dei som har mindre enn 10 år att til aldersgrensa og som ikkje ønskjer å vere omfatta av den nye aldersgrensa.

2. Endringane i lov 1. juli 1994 nr. 49 om avtalefestet pensjon for arbeidstakere med rett til medlemskap i Pensjonsordning for apoteketaten gjeld frå den tid Kongen fastset.







